

Tur 10

Vikasletta/Løvegapet - Sætre - Dyrnes - Vika

Lengde: Til Roaldsfjorden ca. 1 km, til Sætre ca. 1,8 km, til Dyrnes ca. 2,5 km, til Vika ca. 5,3 km

Tid: ca. 1,5 time

Terreng: hei, lyngmark og myrar, lett terreng fram til Slettevika, bratt over til Sætre

Stien tek av frå riksveg 541 like sør for Løvegapet. Der er tillaga parkeringsplass. Ein bør gå med støvlar, for det samlar seg opp mykje vatn på delar av stien i regnperiodar. frå Slettevika går stien oppover eit høgdedrag og ned ei bratt skråning til Sætre. Stien er merkt fram til Sætrehelleren, ein utgraven fangstplass som var i bruk heilt frå steinalderen. Det rek mykje boss inn til Roaldsfjorden kvart år. Det skuldast nok spesielle straumdrag. Hugs å lata att grinda i skråningen ned mot Sætre. Det går sauer på beite. Hugs òg å ha hund i band. Både i Slettevika, i Roaldsfjorden og i Sætrevika er der fine badeplassar. Sætrehelleren ligg på sørsida av Skjeljavikjo, ca. 50 meter opp frå stranda. Det er ein stor heller som heng meir enn fire meter ut frå fjellet som eit tak. Under helleren vart der gjort arkeologisk utgraving sommaren 1932. Det synte seg at det har budd folk under helleren i lange tider, frå steinalderen fram til folkevandringstida (5 - 600 år e. Kr.). I "kulturlaget" var det bålrestar og avfall frå buplassen, skjell og sniglehus, bein av fisk, fugl og dyr. Djupast og heilt inne ved fjellet låg anglar av bein frå steinalderen. Øvst vart det funne fleire saker frå jernalderen, m.a. ein kam av bein med runeinnskrifta: "Hal mar maunar ala ma alu nana" (Hill deg mø blant møer, vern (lykke) for Nana). Staden har vore ein fiske- og fangstplass, der ein på føresommaren har jakta og sank vinterfornåd, og ført heim til gardane ved Eidesvåg og Langevåg. Frå Sætrehelleren kan ein gå vidare til Dyrnes lykt og derifrå til Skippervik og Vika.